

**Fra:** Anngunn Marie Gullbrå  
**Sendt:** fredag 4. november 2022 08:09  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** VS: Skjema for krav om endring av bygningstype i matrikkelen.  
**Vedlegg:** Krav om endring av bygningstype i Matrikkelen.docx; Vatne 14 f.msg; VATNE 14.msg; Vatne 14 b.msg; Vatne 14 c.msg; Vatne d.msg; Vatne 14 e.msg; skjøte.pdf

Kan de oppretta sak Krav om endring av bygningstype i matrikkelen?

Dette er tidlegare våninghus ( tidlegare endra til brukt som fritidbustad) som vert dokumentert i god nok stand til at denne kan gå rett til meg for endring tilbake til heilårsbustad/våninghus.

Mvh Anngunn

---

**Fra:** Johannes O. Seim <[johannes.seim@spv.no](mailto:johannes.seim@spv.no)>  
**Sendt:** torsdag 3. november 2022 20:03  
**Til:** Anngunn Marie Gullbrå <[anngunn.gullbra@alver.kommune.no](mailto:anngunn.gullbra@alver.kommune.no)>  
**Emne:** SV: Skjema for krav om endring av bygningstype i matrikkelen.

Hei Anngunn.

Viser til hyggelig samtale torsdag 3 nov. 2022. Er som sagt vekke på jobb , men har funne nokre bilder som viser att huset er rehabilitert. Nytt sikringskap. Gamle kobberrør vart i 2020 skifta ut til rør i rør. Ein god del nye vinduer der kledning er skifta er det etterisolert. Nye golv med varmekabler er på plass. Rekner med att dette er god nok dokumentasjon. Ha ein fin dag. 😊 ( ps Sjøte viste att det var ein frittliggande enebolig, altså ingen fritidsbolig.) Men no er alt ok. Takk for god hjelp 😊

Mvh

Johannes Seim

Vatne 15

5912 SEIM  
Mob 95265896


---

**Fra:** Anngunn Marie Gullbrå <[anngunn.gullbra@alver.kommune.no](mailto:anngunn.gullbra@alver.kommune.no)>  
**Sendt:** torsdag 3. november 2022 11:35  
**Til:** Johannes O. Seim <[johannes.seim@spv.no](mailto:johannes.seim@spv.no)>  
**Emne:** Skjema for krav om endring av bygningstype i matrikkelen.

Hei

Vedlagt skjema etter avtale.

Ut frå matrikkelen ser eg at dette huset er registrert som sefrakminne- altså at det er eit gammalt våningshus bygd i 1933.



Ser at det er lagt ned 4m3 slamavskiljar i 1978, det er lagt ny vassleidning i 1983 og vart søkt bruksendring ( truleg til fritidsbruk) i 1989.

Når det er så lenge sidan dette huset vart endra til fritidsbruk krev det litt dokumentasjon for å endra det tilbake til heilårsbustad.

Det kan då vera greitt å leggja ved nokre bilete eller anna dokumentasjon av at huset er oppgradert og oppfyller krav til heilårsbustad i dag.

Eg legg også ved matrikkelrapport for bygget, som viser kva som er registrert om bygget i matrikkelen i dag.

Med helsing

**Anngunn Marie Gullbrå** | Avdelingsingeniør Kart og Oppmåling

Telefon: +47 56 17 11 81

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE